



ProPlan - Prosjekt Planung as  
Kongens gate 31  
0153 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2364 - 16/22801

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
30.11.2016

## Godkjenning- Tilkopling til kommunalt VA- anlegg og løyve etter forurensningslova- Påslepp av oljeholdig avlaupsvatn, Gbnr 22/256

**Administrativt vedtak. Saknr: 407/2016**

**Tiltakshavar:** Rasmussen Dekksenter AS  
**Søknadstype:** Forurensningslova § 11, jf. forurensningsforskrifta § 15-1

### SAKSUTGREIING:

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 28.11.2016 om tilkopling til kommunalt VA- anlegg for lagerbygning/næringsbygg på eigdommen gbnr 22/256 i Mjåtveit næringspark. Det er saman med søknad om tilkopling søkt om påslepp av oljeholdig avlaupsvatn, søknaden innheld naudsynte opplysningar for godkjenning.

Bygget skal plasserast og knytast til kommunalt VA-anlegg, slik situasjonskart datert 16.11.2016 syner. På eigdommen er det gjeve løyve til oppføring av næringsbygg/dekkhotell i DNT-sak 371/2016 dagsett 30.11.2016.

### VURDERING:

Søknad om tilknytning til kommunalt VA- anlegg er i samsvar med Forskrift om vass- og avlaupsnett i Meland kommune, § 9.

Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, dvs etter målt forbruk. Det skal difor innstallerast vassmålar.

Kommunen er forureiningsmynde og førar tilsyn ved påslepp av mellom anna oljeholdig avlaupsvatn som blir regulert av forureiningsforskrifta kapittel 15, jf § 15-2. Kommunen har p.t. ikkje vedteke ein eigen forskrift om påslepp av oljeholdig avløpsvatn og krav blir difor sett i samsvar med dei generelle føresegnene i Forureiningsforskriften. I tillegg gjeld følgjande:

- Utgåande oljekonsentrasjon til det kommunale nettet skal ikkje overstige 50 mg/l i reell drift.
- Den ansvarlige for oljeutskiljaren pliktar å gjennomføra representative målingar for å dokumentere kvaliteten av påslepp til avløpsnett. Det skal tas ut minimum to representative prøver pr. år, frå inspeksjons-/kontrollkummen.
- Prøvetaking og konservering av prøver skal utføres i samsvar med gjeldande standardar og forureiningsforskrifta sine krav.
- Kommunen har rett til å inspisere verksemda til ei kvar tid og kan krevja å få lagt frem og få granska dokumentasjon på drift og kvalitetsdokumentasjon.
- Verksemda plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak for å unngå og eventuelt avgrense risikoen for akutte påslepp til nett for så vel spillvatn og overvatn.
- Oljefråskiljaren skal elles etablerast, driftast og haldast ved like i samsvar med skildringa og instruksane frå produsenten.

Erklæring om ansvarsrett frå røyrleggarføretaket Lindås Rør og Sanitær AS, org. Nr. 935347670 er vedlagt byggesaka for lagerbygningen.

Administrasjonen har ingen merknader til at lagerbygning/næringsbygget blir tilknytt det kommunale VA-anlegget.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune godkjenner at lagerbygning/næringsbygg på eigedommen gbnr. 22/256 vert tilknytt kommunalt vass- og avlaupsanlegg, som vist i søknad journalført 28.11.2016, jf. vass- og avlaupsanleggslova. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Tilkoplinga skjer på dei vilkår som kommunen har satt i forskrift, retningslinjer og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgja standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.
- Det skal betalast abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd.
- Tilkoplinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.
- Det må innstallerast vassmålar. Abonnementen må sjølv skaffa og kosta vassmålaren.

Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendte erklæringar i byggesaka, jf pbl § 23-3.

Vidare gjev Meland kommune løyve i medhald av Forskrift om begrensning av forurensning kapittel 15 til påslepp av oljeholdig avlaupsvatn til kommunalt avlaupsnett i samsvar med søknad

om løyve til etablering av oljefråskiljar journalført motteke 28.11.2016 og på dei vilkår som går fram av vurderinga over

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fv). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Ledningsplan innvendig M100  
Ledningsplan utvendig  
Odin SUK-R - Oljeutskiller Beskrivelse  
Odin SUK-SR - Oljeutskiller  
Oljeutskiller - Beregning  
Scknadsskjema Vann og avlcp - 22-256 - Underskrevet

**Mottakere:**

ProPlan - Prosjekt Planung as

Kongens gate 31

0153

OSLO